



NVE

GUNNAR HELLELAND

Vår dato: 23.06.2026

Vår ref.: 200701095-121 Oppgje ved kontakt

Dykkar ref.:

Avvising av klage på vedtak om endra konsesjon for 132 kV luftleidning Storbjørnlistølen–Tysse på grunn av manglande klagerett

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) syner til klaga di datert 30. april 2026 på NVE sitt vedtak av 28. april 2026 om endra løysing og plassering av Storbjørnlistølen koplingskiosk, og endra leidningstrase av omsyn til naturfare for 132 kV kraftleidning Storbjørnlistølen–Tysse i Etne og Kvinnherad kommunar. NVE vurderer at du korkje er part eller på annan måte har rettsleg klageinteresse på vedtaket, og NVE kan derfor ikkje ta klaga til handsaming.

Om klagerett på vedtak

Eit enkeltvedtak kan berre klagast på av dei som er *partar* i saka eller andre med *rettsleg klageinteresse* (forvaltningslova § 28 første ledd). Med *part* i saka meinast ein person som ei avgjerd retter seg mot eller som saka elles direkte gjeld (forvaltningslova § 2 første ledd bokstav e). Eksempelvis er eit selskap som søker om konsesjon part i saka. *Rettsleg klageinteresse* føreset ei kvalifisert tilknytning til vedtaket. Det inneber at vedtaket anten må vere av betydning for klagaren sine retter og/eller plikter, eller at klagaren har ein så sterk faktisk eller økonomisk interesse i saka at det er rimeleg at vedkommande får klage vedtaket inn for det overordna forvaltningsorganet.

NVE skal avvise ei klage dersom vilkåra for å behandle klaga ikkje er oppfylt (forvaltningslova § 33). Eit av desse vilkåra er at klagaren må ha rett til å klage på vedtaket.

NVE si vurdering av dykkar klagerett

Du har tidlegare uttalt deg under høyring av saka. Av klaga går det fram at du er opptatt av verknadane av leidningstraseen for allmenne interesser knytt til naturmangfald og friluftsliv, og du ønskjer difor eit anna traséalternativ.

Du er ikkje *part* i saka, og NVE har derfor vurdert om du har *rettsleg klageinteresse*. Rettsleg klageinteresse føreset ei kvalifisert tilknytning til vedtaket. Dette inneber at du må ha ei konkret, praktisk og aktuell interesse i ei rettsleg avklaring på vedtaket. Vedtaket må vedkoma rettsstillinga

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

di på ein slik måte at det er rimeleg og naturleg at du får rett til å klage på vedtaket. Det er ikkje tilstrekkeleg å ha ei sterk interesse for saka, eller å ha sendt høyringsuttale til søknaden.

På spørsmål frå NVE om tilknytning til saka, har du svara at du «er storbrukar av området linja no skal byggast i, og synes det er synd at vi skal få øydelagd dette flotte området med ein unødvendig linje.»

NVE tolkar svaret ditt slik at konsesjonsvedtaket har betydning for dine rekreasjonsinteresser i området. Dette er interesser som alle kan ha i eit område der ein kraftleidning blir plassert, og det gir etter NVE sitt syn ikkje ei tilstrekkeleg sterk tilknytning til vedtaket. Betydinga av vedtaket for naturen i området, som du grunngjev klaga med, gir heller ikkje ei tilstrekkeleg tilknytning til vedtaket. Privatpersonar har ikkje rettsleg klageinteresse der interessene som søkast ivaretekne gjennom klaga, er av allmenn karakter. Dette er fordi privatpersonar ikkje blir sett på som naturlege representantar for allmenne interesser på ein slik måte at det er rimeleg at det blir gjeve klagerett. Allmenne interesser som naturmangfald er interesser som andre, til dømes relevante interesseorganisasjonar, står nærare å ivareta.

NVE har vurdert saka si opplysningar, og vi kan ikkje sjå at du er direkte råka av vedtaket som grunneigar eller rettshavar. NVE kan ikkje sjå at du i klaga har ført opp andre grunnar som viser at du vil bli eksponert for reelle og faktiske verknadar av ein slik art og styrke at det er rimeleg at du får klagerett. Etter ei konkret vurdering meiner NVE derfor at du ikkje har vist ei tilstrekkeleg tilknytning som gjev grunnlag for rettsleg klageinteresse.

Vedtak

I medhald av forvaltningslova § 33 andre ledd, jf. § 28 første ledd, avvisar NVE din klage på vedtaket om å gi endra konsesjon til Fagne AS for 132 kV kraftleidning Storbjørnlistølen–Tysse i Etne og Kvinnherad kommunar, på grunn av manglande klagerett.

Klagerett på dette vedtaket

Dette vedtaket kan klagast på, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Jan Are Gildestad
seksjonssjef (fung.)

Tor Carlsen
fagleder

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

GUNNAR HELLELAND

Kopimottakarliste:

FAGNE AS

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagt er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.